



Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 17.01.2023
Vår ref.: 202223085-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/196 - 22/94534

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si uttale - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Sauvågen næring og småbåthamn - Gnr. 203 bnr. 46 mfl. - PlanID 46312022003 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 12.12.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Sauvågen næring og småbåthamn. Føremålet med planarbeidet er utviding av eksisterande næringsareal ved utfylling i sjø og etablering av småbåthamn for 20 båtar. I tillegg skal det etablerast 2 naust.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Ved oversending av planframlegget har kommunedirektøren i Alver kommune bedt om ein spesifikk uttale frå NVE om fare knytt til kvikkleire og steinsprang i planområdet. Vi har og gjeve ein uttale til dykkar vurdering av snøskredfare då det er NVE sitt saksområde.

Fare for områdeskred av kvikkleire

Planområdet ligg under marin grense. I område med lausmassar under marin grense kan ein ikkje utelukka førekommstar av kvikkleire. ABO plan & arkitektur AS som er plankonsulent har konkludert med at det ikkje er reell fare for områdeskred av kvikkleire i ROS-analysen og i planskildringa. Planframlegget skildrar tydeleg teikn til berg i dagen, noko som betyr at planområdet kjem seg ut av prosedyre for utgreiing av områdeskredfare i rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) i steg 2. Det er ikkje naudsynt å fortsette prosedyren og gjere vidare utgreiingar.



Planen legg opp til utfylling i sjø, og tiltaket må difor vurderast opp mot kap. 2.8 *aktsemd i strandsona* i rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). Det kan vere vanskeleg å sjå konsekvensane av ein lokal overbelastning i sjø, då det ofte er vanskeleg å avklare fjell i dagen under vatn. NVE forutset at det òg vert dokumentert fjell i dagen i sjøområdet det er aktuelt med utfylling.

NVE har utover dette ingen fleire merknadar til konklusjonen. Vi vil likevel peike på nokre moment som kan forbetra dokumentasjonen:

- Lausmassekartet er ikkje tilstrekkeleg detaljert i dette området til å kunne brukast direkte for avkláring av kor det kan vere mogleg med samanhengande marin leire eller ikkje. Det går ikkje fram av vurderingane.
- Det bør utarbeidast ein rapport eller notat som samanfattar dei vurderingane som er gjort, som eit vedlegg til ROS-analysen (Plan- og bygningslova § 4-3). I rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) skildrar kap. 3.2 korleis ein avklaring av reell fare for områdeskred av kvikkleire dokumenterast tilstrekkeleg i planframlegget.

Steinsprang

Planområdet og omkringliggjande areal er ikkje omfatta av aktsemdsområde for steinsprang. I ROS-analysen skildrast det om ein skrent på austsida, medan hellingskartet syner eit parti brattare enn 40-45° på vestsida av planområdet. Det vurderast i ROS-analysen at eit ev. steinsprang vil nå sjøen og ikkje føre til ulempe for planområdet. NVE har ingen merknadar til dei vurderingane som er gjort.

Snøskred

Planområde ligg i aktsemdsområde til utløpsområde for snøskred. I ROS-analysa er det konkludert med at det ikkje er sannsynleg at planområdet vert råka av snøskred då årleg maks snødjupne er 0,2 meter. Det er og sjø mellom området snøskred kan løysast ut og planområdet. NVE har ingen merknadar til vurderinga.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til



saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND